

NVE-Energi-og konsesjonavdelingen
Att. Stein Wisthus Johansen
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Vilkårsrevisjon for Evanger kraftverk. Nytt innspel etter sluttbefaringa.

På sluttbefaringa den 7. september 2022 vart vi som deltok, oppmoda av NVE om å melde frå om eventuelle nye idear/framlegg til tiltak, som ikkje var spelt inn i prosessen tidlegare.

Under befaringa hadde vi stopp på Vassenden/Bolstadelva. Her uttalte Eviny at det er nærast umogleg å endre temperaturen på vatnet ut frå Evanger kraftverk til meir naturlege temperaturar, fordi det er lagt opp til bekkeinntak med iskaldt smeltevatn om våren.

BKK har fått løyve til å bygge ut takrenne system i nedslagsfeltet til Tverrelva med overføring til Evanger kraftverk. Om dette vert gjennomført, vert det truleg enno meir kaldt smeltevatn i vassdraget i framtida.

Mange høyringsuttalar har peika på at det må vurderast kva som kan gjerast for å få rettare temperatur nedstraums Evanger kraftverk. Forsking over mange år, har vist at utløpet frå Evanger kraftverk er ein **flaskehals** for smolt som kjem frå oppstraums Evangervatnet.

Voss klekkeri ved Geir Ove Henden stilte spørsmål om **utløpet frå kraftverket kan forlengast med eit stort røyr.** Viser til vedlagde kart med blå strek.

Om dette er teknisk gjennomførbart, kan bakevja med feil temperatur eliminerast, ved at kraftverksvatn vert flytta forbi det grunne sundet i Evangervatnet til eit område kor vatnet er djupare og breiare. Dette vil truleg gjere smoltutvandringa enklare og auke overlevinga i Evangervatnet, og såleis fjerne ein av flaskehalsane til Vossolaksen.

Helsing Voss klekkeri

Dagleg leiar
Geir Ove Henden

Styreleiar
Rolf Abrahamsen

